



Arkivnr: 2014/12606-6  
Saksbehandlar: Sigrid H Aardal

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Klagenemnda		26.08.2014

### **Klage på avslag om støtte - Raff designuke 2014. Handlingsprogram for næringsutvikling 2014**

#### **Samandrag**

Hordaland fylkeskommune har 26.02.2014 gjeve avslag om støtte på kr 600 000,- til prosjekt Raff designuke 2014, i regi av Design Region Bergen, frå budsjett Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2014.

Design Region Bergen sendte 29.04.2014 klage på avslaget der det vert peika på at støtta er avgjerande for å gjennomføre Raff fagdag, frukostmøter og den kulturelle skulesekken. Søknadssummen er i klaga halvert frå kr.600.000 til kr.300 000.

Fylkesdirektør regional utvikling har behandla klaga og funne å oppretthalda sitt avslag på søknad om støtte.

Fylkesrådmannen har vurdert klaga og finn å rå til at klage frå Design Region Bergen, som står for prosjektet Raff designuke 2014 over fylkesdirektør regional utvikling sitt vedtak om å avslå søknad om støtte ikkje vert teken til følgje.

#### **Forslag til vedtak**

Klage frå Design Region Bergen, prosjektet Raff designuke 2014 over fylkesdirektør regional utvikling sitt vedtak om å avslå søknad om støtte frå budsjett Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordland 2014 vert ikkje teken til følgje.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg: Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordland 2014  
Klage frå Design Region Bergen Raff Designuke

## Fylkesrådmannen, 12.08.2014

Hordaland fylkeskommune har 26.02.2014 gjeve avslag om støtte på kr 600 000,- til prosjekt Raff designuke 2014, i regi av Design Region Bergen, frå budsjett Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2014.

Design Region Bergen sendte 29.04.2014 klage på avslaget der det vert peika på at støtta er avgjerande for å gjennomføre Raff fagdag, frukostmøter og den kulturelle skulesekken. Søknadssummen er i klaga halvert til kr.300 000.

### Klage

I e-post datert 29.april 2014 er det klaga på vedtaket av Design Region Bergen, som står for prosjektet Raff designuke 2014.

Klaga lyd:

"Vi klager med dette på årets avslag om støtte til Raff Designuke.

Se venligst vedlagte beskrivelse hvor det regionale fokuset i prosjektet er fremhevet for å synliggjøre hvor avgjørende det er med støtte fra Fylket til dette prosjektet."

Grunngjevinga for klaga er søknaden der deler av denne er utheva med feit skrift og som er viktig i høve søknaden, samt at beløpet det er søkt om er endra til kr.300.000.

### Generelle retningslinjer for klage

Klageinstansen kan prøva alle sider av sakan, jf. forvaltningsloven § 34 annet ledd, samt utøving av det frie forvaltningsskjønn. Tildeling av midlar under ordningen Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2014 høyrer innunder forvaltningen sitt frie skjønn. Når det, som her, er tale om å tildela begrensa midlar, må forvaltninga ha et stort spelerom for skjønn ved valet mellom søkjarar som oppfyller kriteriene for tildeling. Samt å kunna vurdera om dei fell utanom dei områder som skal prioriterast i høve til vurderinga av søknader.

Tildelingane må likevel skje innan rammene av eventuelle vedtekne retningslinjer og målsetjingar.

Tildelingane må heller ikkje komme i strid med ulovfesta skrankar for den frie skjønnsutøvinga, som bl.a. er vilkårlegheit, sterk urimelegheit og forskjellsbehandling.

### Tildelingskriterier.

Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2014 ( vedlegg)

I følge handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2014 er det tre innsatsområde som skal prioriterast i vurdering av prosjektsøknadar. Desse er:

- meir entreprenørskap og innovasjon,
- fleire med meir relevant kompetanse
- ein velfungerande bergensregion og attraktive regionale senter.

### Forskrift for distrikts- og regionalpolitiske virkemidler.

#### § 11.Vedtak

Vedtak om tildeling av tilskudd eller avslag er et enkeltvedtak etter forvaltningslovens § 2 første ledd bokstav b. Unntaket er enkeltvedtak truffet av Innovasjon Norge. Melding om vedtak skal være skriftlig begrunnet og gis innen rimelig tid. Vedtak om tilskudd gis i et tilskuddsbrev. Vedtak om avslag på søknaden gis i et avslagsbrev.

Avslag på søknaden gis dersom ett eller flere av vilkårene nedenfor er oppfylt:

- a) Søknaden tilfredstiller ikke tildelingskriteriene eller formålet faller utenfor ordningen.
- b) Søkeren sender ikke inn nødvendige opplysningene etter anmodning.
- c) Søknaden rangeres ikke høyt nok ut fra tildelingskriteriene sett i forhold til andre søknader.
- d) Tidligere tildelinger er brukt i strid med forutsetningene

### Fylkesdirektør regional utvikling si vurdering

"Raff designuke har vorte arrangert i åra 2010-2013 og har tidlegare mottatt støtte frå fylkeskommunen til å

utvikle arrangementet. Me vurderer no prosjektet til å ha gått over frå ein utviklingsfase og inn i ein driftsfase av arrangementet. Midlane til fylkeskommunen har slik sett ikkje lenger den utløysande effekten som tidlegare.

I avslagsbrevet heiter det: «*Vurdert i høve til andre prosjektsøknader og tilgjengelege midlar, er vi kome til at vi ikkje kan vere med på å finansiere prosjektet.*

*I høve avkortinga av Regionale utviklingsmidlar vert prosjekt som i stor grad medverkar til å nå måla i Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017 og Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2014 prioritert.»*

Vurderinga er gjort med utgangspunkt i næringsseksjonen sine styrande dokument, Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017, vedtatt i Fylkestinget i juni 2013, og Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2014, vedtatt i fylkesutvalet 20. februar 2014.

Dei styrande dokumenta rettar merksemda mot tre innsatsområde som skal prioriterast i vurdering av prosjektsøknadar. Desse er: meir entreprenørskap og innovasjon, fleire med meir relevant kompetanse og ein velfungerande bergensregion og attraktive regionale senter. Prosjektet er vurdert til å ikkje imøtekome desse innsatsområda i høg nok grad til at det kvalifiserer til støtte.

Dette er i tråd med forskriftene til KMD, gjeldande frå 01.01.2014, kor § 11c seiar at det kan verte gjeve avslag dersom «*søknaden rangeres ikke høyt nok ut fra tildelingskriteriene sett i forhold til andre søknader*».

Hordaland fylkeskommune løyver i åra 2013, 2014 og 2015 kr 500 000,- til Design Region Bergen i driftsmidlar. Bruken av midlane er knytt opp til ein samarbeidsavtale som seier at Design Region Bergen skal arbeide for:

- a) Kompetanseutvikling med bransjeutviklande tiltak blant medlemmane i Design Region Bergen
- b) Fremje kunnskap om design og betydinga av strategisk design for nærings- og regionsutvikling, gjennom blant anna seminar, kurs og informasjonstenester
- c) Legge til rette for utvikling av nettverk mellom designaktørar og potensielle brukarar av strategisk design
- d) Initiere designprosjekt i regionen
- e) Medverke til å nå dei vedtekne måla i Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017 og Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland

Me vurderer det slik at dei aktivitetane som er framheva i klaga i stor grad bør ivaretakast gjennom dei årlege driftsmidlane Design Region Bergen mottar."

Fylkesdirektør regional utvikling har på bakgrunn av denne vurderinga funne å oppretthalda sitt avslagvedtak på søknad om støtte til Raff Designuke 2014, og at klaga ikkje vert teken til følgje.

### **Fylkesrådmannen si vurdering**

På grunnlag av opplysningane i saka, vurderer fylkesrådmannen det slik at tildelinga er føreteke i tråd med dei oppgitte retningslinene for prioritering av søkjarane. Skjønnsutøvinga ved prioriteringen mellom søkerne framstår som saklig og forsvarlig, uten å komme i strid med ulovfestede skranker for skjønnsutøvinga. Ein har lagt vekt på at dette no ikkje lenger er eit prosjekt som fell inn under satsingsområda til Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland- 2014. Det vert og vist til forskrift for distrikts- og regionalpolitiske verkemidlar.

Fylkesrådmannen seier seg einig fylkesdirektøren si vurdering av at prosjektet har gått over frå ein utviklingsfase og inn i ein driftsfase av arrangementet. Dette vert vurdert slik at dei aktivitetane som er framheva i klaga i stor grad bør ivaretakast gjennom dei årlege driftsmidlane Design Region Bergen mottar.

Det er etter fylkesrådmannen si oppfatning difor ikkje grunnlag for å fråvika vurderingane som er gjort i saka.

Det må og gjerast merksam på at ei omgjerding i denne saka, der det er tale om tildeling av midlar innanfor eit avgrensa budsjett, ville kunna føra til at ein eller fleire andre søkjarar får trekt tilbake sine tildelingar. Terskelen for å ta ei klage til følgje vil dermed vera noko høgare enn i andre klagesaker.

Fylkesrådmannen rår på bakgrunn av dette til at klage frå Design Region Bergen, prosjektet Raff designuke 2014 over fylkesdirektør regional utvikling sitt vedtak om avslag på søknad om støtte frå budsjett Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland 2014 ikkje vert teken til følgje.